

## Årsmøte, Fogn grendalag 06.04.2016

Stad: Fogn oppvekstsenter

Tid: klokka 19.00 6.april 2016

Oppmøte: 25 stk

Kristoffer Østhus leia møtet.

Gjesteinnslag før årsmøte ved Gledesfabrikken Pedersen. Frank Pedersen snakka laust og fast om draumen og livet.

Pause med loddosal, kaffi, litt å bita i og ikkje minst ein god drøs. Innsendte forslag til kåring av vinterbilete vart vist på veggen.

### Årsmøtet:

#### Årsmeldinga

Leiar Kristoffer Østhus gjekk gjennom årsmeldinga. Ingen merknader til denne.

#### Rekneskap

Kasserar Merete M. Kindingstad gjekk gjennom rekneskapen. Ingen merknader til denne.

#### Val

Leiar av valnemnda, Jakob Bø, leia valet. Tone Østebø og Oddny Kjølvik er også medlemer av valnemnda.

*Dette var det gamle styret:*

Kristoffer Østhus, leiar  
Kathrine Flesjå, skrivar  
Merete Meling Kindingstad, kasserar  
Janne Aano Bø  
Arnstein Bøe  
Harald Bøe  
Joar Sandanger  
Johannes Hovda jr, vara  
Arne Straumstein, vara

*Forslag til nytt styre:*

Kristoffer Østhus, leiar for 1 år  
Harald Bøe, 1 år  
Kathrine Flesjå, 1 år  
Merete Meling Kindingstad, 1 år  
Arnstein Bøe, 2 år  
Joar Sandanger, 2 år  
Håvard Østhus, 2 år  
Arne Straumstein ,varamedlem 1 år  
Ingeborg Bøe Rolfsen, varamedlem 2 år

Det vart opna for benkeforslag og kommentarar.

Ottar Sandanger tok ordet og lurte på dette med varamedlem vald for 2 år. Det er vanleg at varamedlemmer blir valde for 1 år. Det viser seg at i vedtekten til Grendalaget står det at vara skal inn for 2 år. For å endra på dette må det opp ei vedtektsendring, og det må eventuelt gjerast på neste årsmøte.

Valet føregjekk slik:

1. Val av leiar: Kristoffer Østhush vart klappa inn, og sit 1 år til.
2. Val av styremedlemmer: Joar, Arnstein og Håvard vart klappa inn. Dei sit nå i 2 år.
3. Varamedlem: Ingeborg vart klappa inn for 2 år.
4. Revisor: Ottar Sandanger vart klappa inn for 1 år.
5. Valnemnd: Øyvind Sandanger vart klappa inn for 3 år. Oddny Kjølvik sit nå 1 år, og Jakob Bø sit 2 år i tillegg til Øyvind.

### **Underskriving av referat**

Kristoffer Østhush fekk Ole Klingsheim og Oddbjørg Mjåland ti å skrive under på referat.

### **Vinterbilete**

Tidlegare i vinter hadde Grendalaget ei tevling om å ta fine vinterbilete. Det kom inn mange flotte bilet, og nokre av desse vart plukka ut til finalen. Dette vart annonsert på Fogn.org, og nå var det publikum som avgjorde kven som skulle bli vinnaren. Vinnarbilete blir trykt på aluminiumsplate.

Den heldige vinnaren vart Else Karin Vådeland. Gratulerer!

Det å kåra eit vinterbilete var ein suksess.

### **Ymse**

Det vart opna for eit punkt ymse, sjølv om det ikkje var komne inn saker på førehand.

Ottar Sandanger minna om kommunesamslåingsdebatten som er oppe i politiske fora, samt i administrasjonen i Finnøy kommune. Kva om det vart laga til eit folkemøte om dette? Respons frå publikum var at det kanskje må føreliggja intensjonsavtale før eit slikt møte kan haldast. -Intensjonsavtalen skal vera klar i løpet av april – og det burde ikkje vera umuleg å

halda folkemøte sjølv om denne ikkje er heilt klar, og det er viktig at grasrota engasjerer seg, seier Ottar.

Ole Klingsheim orienterte om formannskapsmøtet som hadde funne stad i Rennesøy, der kommunesamanslåing var tema.

Det blir folkeavstemning om kommunesamanslåinga, men dato for dette er ikkje fastsett ennå, fortel Ole.

Det var interessant å delta i dette møtet, der ein fekk byte mening med andre om same interesseområde, seier Ole vidare.

I tillegg til dette møtet, var det sett ned eit nytt slagkraftig fora på Fogn ☺ Fognapolitikarane vil snakkast saman på tvers av partia, og ser postivt på dette samarbeidet!

Oddny Kjølvik lurte på om det var noko nytt ang. ferjene – om Fogn får fleire ferjeavgangar?

Truleg blir våre endringsforslag ikkje teke omsyn til, og fylket sitt forslag vert vedteke. Men, ingenting er heilt bestemt pr dd seier Kristoffer Østhus og Jon Olav Runestad.


Endringar blir lagt ut på Fogn.org så snart det ligg føre noko bestemt.

Vel heim!


Referent

Merete Meling Kindingstad

Fogn



Oddbjørg Mjåland



Ole Klingsheim